

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Myking 01.01.2022

Saknr. 21/5445 Løyve til etablering av båtslipp

Me vil takka for eit godt og grundig svar i høve vår søknad om re-etablering av båtslipp etter at den ulovleg var blitt demontert og fjerna.

Men me ber om at Alver Kommune vurderer vilkår 2 på nytt og har fylgjande argument:

- Me vil igjen peike på at slippen sin plassering i søknaden, er der den har lagt sidan den vart etablert tidleg på 1960 talet.
Bilde 1 syner at, slik slippen er plassert i situasjonskartet i søknaden, er det den einaste staden der topografien i området tillate etablering **utan** inngrep i strandsona.
Skinnene er festa/sikra i fjell umiddelbart under skinnene.
- Ved endring av plassering, Jmf. vilkår 2 i løyvet, vil dette medføre store fysiske inngrep på land, så vel som i sjø. Dette ynskjer me å unngå.
- **Bilde 2** syner at det er grunnar ute i sjøen som må senkast for å få djupne nok for skinnene.
- **Bilde 3** syner at det må sprengast ut til dels store steinmassar på land for at det skal verta plass til ein båt på slippen, over flomålet.
Det må også planerast steinmassar utover i støa, under der skinnene skal ligge, for å få til ein god fundamentering og nødvendig skredde.
For å feste/sikre skinnene må det planerte skråplanet være solid og ha betongdekke for å bli sterkt nok. Lausmassar gir ikkje nok sikkerhet for feste til skinnene.
- **Bilde 4** syner retningen den nye plasseringa vil få.
- **Bilde 5** syner at ved endring av plassering, vil slippen i beste fall forringe tilkomst til naust bnr. 40/102 og Bnr. 40/103.
I verste fall vil slippen, ved endra plassering, sperre tilkomsten til begge nausta.
Dette vil berre føra til ytterlegare konflikt i området og det ynskjer me sterkt å unngå.

Det er eit faktum at me er komme i denne situasjonen pga. bnr. 40/112 er solgt over ein reell servitutt og at slippen er ulovleg demontert og fjerna av andre enn eigarane.

Dersom bnr. 40/112 hadde søkt om å setje opp tilsvarende nauststørrelse, som det som ramla ned pga manglande vedlikehald, hadde me heller ikkje stått i denne situasjonen.

Me ber med dette om at vilkår 2 vert endra til plassering som vist i situasjonsskissa til søknaden.

Dokument med bilder vedlagt.

Helsing Helge Fimland (s)
Bnr. 40/96

Magnar Skauge(s)
Bnr. 40/100